

Beredskapshendingar i 2005

I løpet av 2005 har det vore nokre hendingar som Statens strålevern har handtert, dels som ansvarleg styresmakt, dels som sekretariat for Kriseutvalet ved atomulykker. På det britiske anlegget for gjenvinning av kjernebrensel, Thorp, ved Sellafield, skjedde det to hendingar i 2005. Ved eit verft i Severodvinsk i Russland var det ein eksplosjon med påfølgjande brann i samband med opphogging av ein utrangert atomubåt. Ved Fundia sitt anlegg i Mo i Rana vart det oppdaga at radioaktive kjelder var kome dit saman med skrapmetall. I tillegg var det fleire andre mindre forhold som vart handtert av Statens strålevern.



Sellafield (Foto: Statens strålevern).

Hending på gjenvinningsanlegget Thorp ved Sellafield i april

I april var det ein lekkasje av svært radioaktiv væske ved Thorp, det britiske anlegget for gjenvinning av kjernebrensel. Væska inneheldt uran, plutonium og fisjonsprodukt. Væska vart fanga opp i oppsamlingstankar som ligg under anlegget. Det vart opplyst frå britisk side at hendinga ikkje førte til utslepp av radioaktive stoff til miljøet.

Hending på skipsverft i Russland

Under opphogging av ein russisk atomubåt, var det 1. august ein eksplosjon med ein påfølgjande brann ved skipsverftet Zvjozdotskja ved Severodvinsk, nær Arkangelsk i Russland. Ein arbeidar omkom og ein vart skada. I følgje russiske styresmakter var reaktordelen i ubåten allereie fjerna

frå vraket. Det var derfor inga fare for utslepp av radioaktive stoff i samband med denne ulykka. Ubåten tilhørde klassa Viktor og vart bygd på slutten av 1970-talet. Ubåten vart tatt ut av teneste i 2004.



Ubåt vert hogd opp (Foto: Zvjosdochka-verftet).

Hending på gjenvinningsanlegget Thorp ved Sellafield i august

Ved Sellafield-anlegget er det lagra store mengder høgaktivt flytande radioaktivt avfall i tankar. 25. august vart det detektert unormale utslepp til luft frå utsleppspipa ved anlegget. Utsleppet vart rapportert til å ha vart i to timar. Utsleppet var lite, men det vart målt auka konsentrasjonar av radioaktive stoff i luft ved målestasjonar rundt Sellafield-anlegget. Det britiske Environment Agency opplyste at nivåa som vart målte var lave og innanfor dei variasjonane som kan målast ved yttergrensene til anlegget.

Hending ved Fundia, Mo i Rana

Sist i september informerte Fundia Armeringsstål A/S Statens strålevern om at selskapet hadde påvist radioaktive kjelder i metallskrap ved anlegget i Mo i Rana. Metallskrapet som inneheldt radioaktive kjelder, hadde kome frå anlegget Fundia har i Oslo. Dei radioaktive kjeldene var av typen kobolt-60 og radium-226, og dei kunne etter kvart sporast tilbake til Forsvaret. I følgje informasjon som Strålevernet har motteke, vart det i alt oppdaga 15 radioaktive kjelder blant Fundia sitt skrapemettall. Ei endeleg avklaring av alle forhold kring desse kjeldene og korleis dei har hamna hjå Fundia, vil truleg føreligge tidleg i 2006.



Ei av Fundia-kjeldene (Foto: IFE/KR/F-2005/213 "Funn av ⁶⁰CO-kilder i skrapjern ved Fundia Armeringsstål AS, Mo i Rana").

Strålevernet har ikkje fått indikasjon om at enkelt-personar kan ha blitt eksponert for unormalt høge stråledosar. Den norske atomberedskapsorganisa-

sjonen, nordiske strålevernstyresmakter, samt Det internasjonale atomenergibyrådet (IAEA) vart orientert om saka.

Andre hendingar

Den amerikanske atomubåten USS "San Francisco" gjekk på grunn i Stillehavet nær Guam 8. januar. Dette førte til at 20 personar om bord vart skada. Hendinga hadde ikkje skada reaktoren og dermed vart det ikkje utslepp av radioaktive stoff, men dei materielle skadane var store.

Det ungarske kjernekraftverket Paks hadde ein større brann 21. januar. Etter dei opplysningane som vart gitt, fikk brannmannskap raskt kontroll over situasjonen. Brannen førte ikkje til utslepp av radioaktive stoff til miljøet.

I februar vart det oppdaga at ei radioaktiv kjelde var borte frå eit steinknuseri som tilhøyrrer Feiring Bruk i Hobøl. Kjelda var av typen kobolt-60 og hadde stått i ei steinknusemaskin som ikkje hadde vore i bruk dei siste åra. Hendinga vart oppdaga i samband med at den radioaktive kjelda skulle skiftast. Strålevernet gjorde nærare undersøkingar ved anlegget, men kjelda vart ikkje funne og vert derfor sett på som tapt.

14. mai vart ein av reaktorane ved det svenske kjernekraftverket i Oskershamn stengt grunna kraftige vibrasjonar ved anlegget. Det vart ikkje påvist utslepp av radioaktive stoff.

5. september fekk Strålevernet informasjon om ein kollisjon mellom den amerikanske atomubåten "USS Philadelphia" og eit sivilt cargofartøy i den persiske gulfen. Ingen vart skada og begge fartøya fekk berre mindre skadar. Reaktordelen vart ikkje skada.

15. desember var det eksplosjon og påfølgande brann på eit smelteverk to km frå Leningrad kjernekraftverk ved St. Petersburg. Tre menneske skal ha blitt skada i ulykka, men sjølve kjernekraftverket er urørt av hendinga. Det vart ikkje registrert unormale strålingsnivå rundt kjernekraftverket.